

## **SAMARBEIDSAVTALE**

### **RYFYLKEFONDET KOMMUNALT OPPGÅVEFELLESSKAP**

Partane har inngått denne samarbeidsavtalen og etablert Ryfylkefondet kommunalt oppgåvefellesskap etter reglane i kommunelovas kapittel 19, i medhald av følgande vedtak:

- Fylkestinget i Rogaland i møte 26.10.21 i sak 86/2021;
- Sauda kommunestyre i møte 22.09.21 i sak 052/2021;
- Suldal kommunestyre i møte 21.09.2021 i sak 067/21;
- Hjelmeland kommunestyre i møte 17.06.21 i sak 037/21;
- Strand kommunestyre i møte 16.06.21 i sak 050/21

Mellom Rogaland fylkeskommune, Sauda kommune, Suldal kommune, Hjelmeland kommune og Strand kommune. («**Partane**») er det avtalt følgjande:

#### **§ 1 Oppgåvefellesskapets namn**

Oppgåvefellesskapets namn er Ryfylkefondet kommunalt oppgåvefellesskap.

#### **§ 2 Eige rettssubjekt**

Oppgåvefellesskapet er eit eige rettssubjekt.

#### **§ 3 Representantskapet**

1. Representantskapet er oppgåvefellesskapets øvste organ. Kvar av Partane har eit medlem med eit tilhøyrande personleg varamedlem i representantskapet.
2. Representantskapets fem (5) medlemmer med personleg varamedlem blir vald for fire (4) år av Rogaland fylkesting og respektive kommunestyre, jf. kommunelova §19-3 (1)

Ved skipinga av selskapet består representantskapet av: Fylkesordføraren, ordførarane i Sauda, Suldal, Hjelmeland og Strand kommune. Varaordførarane for dei respektive ordførarane er personlege varamedlemmer.  
Representantskapet vel sjølv leiar og nestleiar. Ved likt røystetal blir leiars stemme avgjerande.

3. Leiaren kallar inn til møte når det er naudsynt eller når minst to (2) av representantsskapsmedlemmene krev det.
4. Representantskapet fastset sjølv retningslinjer for sitt arbeid, som og gjeld sekretærfunksjonen (dagleg leiing) for oppgåvefellesskapet.

#### **§ 4 Føremål, oppgåver og myndighet**

1. Ryfylkefondet sin kapital vert skapt ved overføring av konsesjonskraftverdi frå Partane. Avkastning av Ryfylkefondet skjer gjennom plassering av kapital på renteberande konto i bank.
2. Fondsmidlane skal nyttast til utviklingstiltak for å sikra og auka busetting i Ryfylkeregionen. Midla skal primært nyttas til infrastruktur og næringsutvikling i regionen.
3. Oppgåvefellesskapet kan og løyva midlar til felles prosjekt som Ryfylkekommunane har med Rogaland fylkeskommune og andre kommunar.
4. Representantskapet kan fastsetja nærmere retningslinjer for prioritering av tiltak og søknader.
5. Med Ryfylkeregionen meinast primært kommunane Sauda, Suldal, Hjelmeland og Strand.

## **§ 5 Tildeling av midlar**

1. Fondsmidlar kan etter søknad tildelast som tilskot og/eller lån. Kommunar, organisasjonar og verksemder enkeltvis eller i saman kan søkja om midlar.
2. Representantskapet avgjer til ei kvar tid kor stor del av fondsmidlane som skal nyttast som tilskot/lån.
3. Representantskapets medlemmer er ugilde ved behandling av søknader som gjeld eigen kommune.

## **§ 6 Krav til innskot og bidrag til oppgåvefellesskapet**

1. Oppgåvefellesskapet overtek ved danning Partanes pliktar, eigendalar og fondsmidlar nytt til Partanes tidlegare felles fonds- og tildelingsverksemd. Partane har ikkje nokon ytterlegare innskotsplikt ved danning av oppgåvefellesskapet.
2. Partane skyt årleg inn verdien av kraftkvanta i medhald av den til ein kvar tid gjeldande avtale om konsesjonskraftmidlar mellom Partane. Vedlegg 1.

## **§ 7 Eigar- og ansvarsandalar**

Kvar av Partane er økonomisk ansvarleg for oppgåvefellesskapets økonomiske pliktar avgrensa til kvar Parts forholdsmessige eigarandel. Partanes eigar- og ansvarsandalar fordelar seg slik på avtaletidspunktet:

<b>Eigar</b>	<b>Eigar- og ansvarsandel</b>
Rogaland Fylkeskommune	1/5
Sauda	1/5
Hjelmeland	1/5
Suldal	1/5
Strand	1/5
<b>Totalt</b>	<b>5/5</b>

## **§ 8 Lån**

Oppgåvefellesskapet har ikkje myndighet til å ta opp lån.

## **§ 9 Rapportering, rekneskap og revisjon**

Eige rekneskap for Ryfylkefondet kommunalt oppgåvefellesskap skal førast og reviderast etter kommunale rekneskapsreglar. Årsmelding skal avgjevast til kvar av Partane. Oppgåvefellesskapets revisor skal vara Rogaland Revisjon IKS.

## **§ 10 Uttreden**

Kvar av Partane kan tre ut av oppgåvefellesskapet med eit års varsel. Ein Part vil ved uttreden ikkje få med seg nokon andel av innskoten kapital eller nokon andel av oppgåvefellesskapets fondsmidlar, men vil halde fram med å hefta økonomisk for sin andel av dei pliktane oppgåvefellesskapet hadde på tidspunktet Parten trer ut, i medhald av kommunelova § 19-2.

## **§ 11 Oppløysing**

1. Oppgåvefellesskapet kan oppløysast ved vedtak frå kommunestyrane og fylkesting hos samlede parter.
2. Ved oppløysing av oppgåvefellesskapet vert netto fondsmidlar å fordela mellom Partane etter ein forholdsmessig andel basert på eigarandel.
3. Partane fortsett å ha økonomisk ansvar for sin andel av dei pliktane oppgåvefellesskapet hadde på oppløysningstidspunktet, herunder forpliktingar knytt til arkivlagring, ref. punkt 4.-
4. Rogaland fylkeskommune skal ha ansvaret for at oppgåvefellesskapets arkiver blir oppbevart etter at oppgåvefellesskapet eroppløyst.

## **§ 12 Endring av samarbeidsavtalen**

Samarbeidsavtalen for Ryfylkefondet kan endrast etter vedtak frå kommunestyrrene og fylkesting i samtlege av Partane.

## **§ 13 Kommunelova**

Oppgåvefellesskapet er regulert i kommunelova kapittel 19. Resten av kommunelova gjeld så langt det høver.

## **§14 Tvist**

Tvist om innhaldet i samarbeidsavtalen skal søkjast løyst mellom Partane med Statsforvaltaren i Rogaland som oppmann.

Skulle slikt forsøk ikkje føra til løysing, er Sør Rogaland Tingrett verneting for tvister som spring ut av samarbeidsavtalen eller vedlegg.

\*\*\*

Avtalen er skriven i 5 eksemplarar, eit til kvar av Partane.

Stavanger,09.11.2021

Fylkesordførar i Rogaland

Ordførar i Sauda

Ordførar i Suldal

Ordførar i Hjelmeland

Ordførar i Strand kommune